



Uskedalen stilte også med ein dommar og det var sjølvstgt utroleg allsidige Ingebjørg Haugland som her står saman det eine av Uskedalslaga i 04/05-klassa

Idrettslaget imponerar stadig med fyldig rekruttering og idag er det fotballrekruttane som har gjort det. Rundt 40 miniputtar frå bygda fordelt på 5 lag har vore i aksjon i cupen under ideelle tilhøve i Rosendal og gjort seg sterkt gjeldande. Det er 3 gutelag der spelarane er født i 2003,2004 og 2005 og 2 jentelag der spelarane er født i 2002, 2004 og 2005.



Det andre av Uskedalslaga i årsklassa 04/05

Kvar av dei 50 deltakande laga frå heile kommunen har hatt 3 eller 4 kampar og alle har spela 2 omgangar på 10 minuttar.



Alle fekk 'gullmedalje' og ein gåvmild sponsor må takkast for det

Det arrangerande laget har gjort ein framifrå jobb med start klokka 11 og fullføring rundt klokka 16. Serviceapparatet har fungert perfekt men så var då også veret ideelt. Det har vore ein ny, triveleg dag i Rosendal - både på kunstgras og vanleg gras.



Og dette er 2003-laget (Foto Tor Edward Taranger)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Jentelaget til Uskedalen i 04/05-klassa